Nissedal kommune

Møteprotokoll

Utval: **Formannskapet**
Møtestad: Ordførarkontoret, Kommunehuset
Dato: 31.05.2018
Tidspunkt: 08:30 – 13:40

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Halvor Homme	Ordførar	AP/KRF
Geir Christian Enger	Varaordførar	AP/KRF
Runa Vee Tveit	Medlem	AP/KRF
Ian Parry-Jones	Medlem	SP/H
Kristine Sandall	Medlem	SP/H

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Navn	Funksjon	Representerer

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Jarle Bruun Olsen	Kommunalsjef økonomi
Jan Arvid Setane	Kommunalsjef samfunn/utvikling (59/18 & 74/18)
Anne Margrethe Espelid	Einingsleiar kultur (sak 59/18)
Sissel Bronken	Einingsleiar skule (sak 59/18, 75/18, 76/18)
Gro Midtsund	Einingsleiar barnehage (sak 59/18)
Kjell Vøllestad	Einingsleiar teknisk (sak 59/18 – 68/18, 72/18)
Sveinung Seljås	Plansjef (sak 59/18 – 68/18, 72/18)
Elsbeth Kegge	NAV-leiar (sak 59/18)

Frå saksnr.:59/18
Til saksnr.: 76/18

Sak 66/18 vart handsama etter sak 61/18. Sak 72/18 vart handsama etter sak 68/18.

Halvor Homme
ordførar

Saker til behandling

PS 59/18 1. tertial 2018

Rådmannen si tilråding:

1. Rapport for 1. tertial 2018 vert teke til vitande.
2. Driftsbudsjett 2018 vert endra jf. budsjettskjema 1A og 1B i rapporten.
3. Investeringsbudsjett 2018 vert endra jf. budsjettskjema 2A og 2B i rapporten.
4. Disponering av ulike næringsfondsmedel vert gjort slik det er omtalt i avsnitt "4.3.2 Næring" i handlingsdelen av tertialrapporten.

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

Rådmannen gjorde greie for avvik på tal i rapporten kring universell utforming i tertialrapporten (kr 190.000) og tal nytta i f-sak 76/18 (kr 241.000). Tal nytta i f-sak 76/18 er det rette. Dette vert tilrådd endra, slik at ramme for teknisk eining vert auka med kr 51.000 meir enn oppsett i rapport. Dette vert finansiert med bruk av fond. Bruk av fond aukar då med kr 15.000 i staden for å bli redusert med kr 36.000.

Tilslutning frå formannskapet at endra tilråding ligg til grunn for handsaming av saka.

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

1. Rapport for 1. tertial 2018 vert teke til vitande.
2. Driftsbudsjett 2018 vert endra jf. budsjettskjema 1A og 1B i rapporten, med endring gjort greie i høve til f-sak 76/18.
3. Investeringsbudsjett 2018 vert endra jf. budsjettskjema 2A og 2B i rapporten.
4. Disponering av ulike næringsfondsmedel vert gjort slik det er omtalt i avsnitt "3.3.2 Næring" i handlingsdelen av tertialrapporten.

PS 60/18 N - Søknad om å dele frå ei eitt dekar stor tomt til kraftverk og fallrettane i Nauraksåna - jordlovsbehandling - Naurak 31/4 og Aarak søndre 32/5,17

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gir samtykke til å dele frå ei eitt dekar stor tomt til kraftverk og fallrettane i Nauraksåna på eigedomane Naurak 31/4 og Aarak søndre 32/5 og 17 i samsvar med søknaden 20.04.2017.

Vedtaket er gjort i samsvar med jordlova §12 og delegert mynde til kommunen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

Kristine Sandall bad om å få sin habilitet vurdert.
Samrøystes funne ugild i saka.

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Formannskapet gir samtykke til å dele frå ei eitt dekar stor tomt til kraftverk og fallrettane i Nauraksåna på eigedomane Naurak 31/4 og Aarak søndre 32/5 og 17 i samsvar med søknaden 20.04.2017.

Vedtaket er gjort i samsvar med jordlova §12 og delegert mynde til kommunen.

PS 61/18 N - Søknad om konsesjon for erverv av fallrettane i Nauraksåna - Naurak 31/4 og Aarak søndre 32/5 og 17

Rådmannen si tilråding:

Formanskapet gir konsesjon til Naurak kraft SUS til å erverve fallrettane på Naurak 31/4 og Aarak søndre 32/5 og 17 i samsvar med søknaden 19.04.2018.

Vedtaket er gjort i samsvar med konsesjonsloven §3 og delegert mynde til kommunen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

Kristine Sandall bad om å få sin habilitet vurdert.
Samrøystes funne ugild i saka.

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Formannskapet gir konsesjon til Naurak kraft SUS til å erverve fallrettane på Naurak 31/4 og Aarak søndre 32/5 og 17 i samsvar med søknaden 19.04.2018.

Vedtaket er gjort i samsvar med konsesjonsloven §3 og delegert mynde til kommunen.

PS 62/18 N - Søknad om å dele frå ei om lag 9 dekar stor tomt til ny transformatorstasjon - jordlovsbehandling - 45/51 - Lomsdalen

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gir samtykke til å dele frå nødvendig areal, om lag 9 dekar, frå eigedomen Lomsdalen 45/51 i Nissedal kommune til ny transformatorstasjon i samsvar med søknaden frå Agder energi 30.04.2018.

Vedtaket er gjort i samsvar med jordlova §12 og delegert mynde til kommunen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Formannskapet gir samtykke til å dele frå nødvendig areal, om lag 9 dekar, frå eigedomen Lomsdalen 45/51 i Nissedal kommune til ny transformatorstasjon i samsvar med søknaden frå Agder energi 30.04.2018.

Vedtaket er gjort i samsvar med jordlova §12 og delegert mynde til kommunen.

PS 63/18 N - Søknad om konsesjon for å erverve ei om lag 9 dekar stor, ubygd tomt til transformatorstasjon - 45/51 - Lomsdalen

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gir konsesjon til Agder energi nett AS til å erverve ei om lag 9 dekar stor, ubygd tomt til ny transformatorstasjon i samsvar med søknaden 23.04.2018. tomta blir delt frå eigedomen Lomsdalen 45/51 i Nissedal kommune.

Vedtaket er gjort i samsvar med konsesjonsloven §2 og delegert mynde til kommunen.

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Formannskapet gir konsesjon til Agder energi nett AS til å erverve ei om lag 9 dekar stor, ubygd tomt til ny transformatorstasjon i samsvar med søknaden 23.04.2018. tomta blir delt frå eigedomen Lomsdalen 45/51 i Nissedal kommune.

Vedtaket er gjort i samsvar med konsesjonsloven §2 og delegert mynde til kommunen.

PS 64/18 N - 7/49 - Sundsodden 29 - Søknad om deling av tomt - reguleringsplankrav - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gjev med heimel i pbl §19-2 dispensasjon frå kravet om utarbeiding av reguleringsplan, og frå det generelle dele- og byggeforbodet i 50-metersbeltet langs Nisser, for deling av tomt g/bnr 7/49 og for oppføring av ny fritidsbustad på den frådelte tomta.
Dispensasjonane blir gitt på fylgjande vilkår;

- Tomtestorleik inntil 1 500 m2.
- Hytta skal koplast til eksisterande kommunalt vatn- og avlaupsnett.
- Hytta skal ha maksimalt bebygd areal 75 m2.
- Hytta skal ha saltak med takvinkel 18-22 grader. Det er ikkje lov med ark eller takoppløft.
- Hytta skal ha maks avstand 4,20 m frå topp fundament til topp møne.
- Hytta skal ha maks avstand 60 cm frå terreng til trekledning.
- Hytta skal ha taktekking tilpassa tradisjonell byggeskikk.
- Hytta skal ha fasadekledning i tre/tømmervegg. Fasaden kan blendast med naturstein.
- Hytta skal ha naturfargar utvendig.

- Hytta skal utformast så dei best mogeleg går i eitt med omgjevnaden.

Det er krav om ny reguleringsplan for nye frådelingar på Sundsodden, jf. f-sak 134/16, med unnatak for eventuell deling av tomt g/bnr 7/19.

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

Rådmannen gjorde greie for at høyringsuttale frå Statens vegvesen var blitt ettersendt til formannskapet. Det vert på denne bakgrunn tilrådd to nye strekpunkt i tilrådinga:
- Det må etablerast ny avkøyring frå fylkesvegen, felles for den nye tomta og tomt 7/49.
- Eksisterande parkeringslomme ved fylkesvegen må fjernast ved oppgraving.

Formannskapet la til grunn endra tilråding for si handsaming av saka.

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Formannskapet gjev med heimel i pbl §19-2 dispensasjon frå kravet om utarbeiding av reguleringsplan, og frå det generelle dele- og byggeforbodet i 50-metersbeltet langs Nisser, for deling av tomt g/bnr 7/49 og for oppføring av ny fritidsbustad på den frådelte tomta.
Dispensasjonane blir gitt på fylgjande vilkår;
- Tomtestorleik inntil 1 500 m2.
- Hytta skal koplast til eksisterande kommunalt vatn- og avlaupsnett.
- Hytta skal ha maksimalt bebygd areal 75 m2.
- Hytta skal ha saltak med takvinkel 18-22 grader. Det er ikkje lov med ark eller takoppløft.
- Hytta skal ha maks avstand 4,20 m frå topp fundament til topp møne.
- Hytta skal ha maks avstand 60 cm frå terreng til trekledning.
- Hytta skal ha taktekking tilpassa tradisjonell byggeskikk.
- Hytta skal ha fasadekledning i tre/tømmervegg. Fasaden kan blendast med naturstein.
- Hytta skal ha naturfargar utvendig.
- Hytta skal utformast så dei best mogeleg går i eitt med omgjevnaden.
- Det må etablerast ny avkøyring frå fylkesvegen, felles for den nye tomta og tomt 7/49.
- Eksisterande parkeringslomme ved fylkesvegen må fjernast ved oppgraving.

Det er krav om ny reguleringsplan for nye frådelingar på Sundsodden, jf. f-sak 134/16, med unnatak for eventuell deling av tomt g/bnr 7/19.

PS 65/18 N - 28/46 - Nordskogbukta 12 - Frådeling av tilleggsareal - dispensasjon - ny behandling

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet avslår å gje dispensasjon for frådeling av eit tileggsareal, 408 m2 til tomt 4 i Nordskogbukta, slik det er søkt om.
Tomtearealet for g/bnr 28/46 blir tilbakeført til grenser før jordskiftebehandlinga i 2017.

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Formannskapet avslår å gje dispensasjon for frådeling av eit tilleggsareal, 408 m2 til tomt 4 i Nordskogbukta, slik det er søkt om.
Tomtearealet for g/bnr 28/46 blir tilbakeført til grenser før jordskiftebehandlinga i 2017.

PS 66/18 N - 31/4 - 32/8 og 32/17 - Fjonevegen 701 - Søknad om frådeling - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gjev med heimel i pbl §19-2 dispensasjon frå deleforbodet i LNF for frådeling av ei tomt på ca. 1 000 m2 rundt eksisterande kraftstasjonsbygg frå eigedomen Naurak søndre g/bnr 31/4, og fallrettane i Nauraksåna tilhøyrande g/bnr 31/4, 32/5 og 32/17, slik det er søkt om. Dispensasjonen blir gitt på fylgjande vilkår:

- Det er i eiga sak gitt delingssamtykke etter jordlova.
- Tomta må sikrast (tinglyst) vegrett i eksisterande privat veg frå fv514 til tomtegrensa.
- Tomta skal nyttast til bygg/installasjonar knytt til kraftproduksjon.

Formannskapet gir samstundes delingsløyve etter pbl §20-1 m).

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

Kristine Sandall bad om å få sin habilitet vurdert.
Samrøystes funne ugild i saka.

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Formannskapet gjev med heimel i pbl §19-2 dispensasjon frå deleforbodet i LNF for frådeling av ei tomt på ca. 1 000 m2 rundt eksisterande kraftstasjonsbygg frå eigedomen Naurak søndre g/bnr 31/4, og fallrettane i Nauraksåna tilhøyrande g/bnr 31/4, 32/5 og 32/17, slik det er søkt om. Dispensasjonen blir gitt på fylgjande vilkår:

- Det er i eiga sak gitt delingssamtykke etter jordlova.
- Tomta må sikrast (tinglyst) vegrett i eksisterande privat veg frå fv514 til tomtegrensa.
- Tomta skal nyttast til bygg/installasjonar knytt til kraftproduksjon.

Formannskapet gir samstundes delingsløyve etter pbl §20-1 m).

PS 67/18 N - 33/66 - Treungvegen 339 - Ny garasje - plassering - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet avslår å gje dispensasjon frå byggegrensa mot rv41 slik denne er fastsett i reguleringsplanen *Treungen sør.*

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå arealføremålet småbåthamn for ca. 36 m2 slik at godkjent garasjebygg kan flyttast til ein avstand min. 8,0 m frå bustadhuset, men framleis utanfor fastsett byggegrense mot rv41.
Formannskapet gir i medhald av pbl §20-1 m) delingsløyve for ca. 36 m2 frå g/bnr 33/43 i grensa med g/bnr 33/66 på vilkår av at arealet går som tilleggsareal til sistnemnde eigedom.

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

Ordførar kom med framlegg om å utsetje saka. Dette på bakgrunn av ønskje om synfaring før handsaming av saka.

Votering: saka samrøystes vedteke utsatt.

Vedtak

Saka utsatt.

PS 68/18 N - 45/51 - Haugsjåsund 277 - Frådeling av areal - dispensasjon

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gjev med heimel i pbl §19-2 dispensasjon frå deleforbodet i LNF for frådeling av ei tomt på ca. 9 dekar til ny transformatorstasjon på g/bnr 45/51, slik det er søkt om.
Dispensasjonen blir gitt på fylgjande vilkår:

- Det er i eiga sak gitt delingssamtykke etter jordlova.
- Tomta må sikrast (tinglyst) vegrett i eksisterande privat vegnett frå rv41 til tomtegrensa.
- Tomta skal nyttast til transformatorstasjon med tilhøyrande installasjonar.

Formannskapet gir samstundes delingsløyve etter pbl §20-1 m).
Søknaden om utsett oppmålingsforretning etter matrikkellova m/forskrift blir avslått.

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Formannskapet gjev med heimel i pbl §19-2 dispensasjon frå deleforbodet i LNF for frådeling av ei tomt på ca. 9 dekar til ny transformatorstasjon på g/bnr 45/51, slik det er søkt om.
Dispensasjonen blir gitt på fylgjande vilkår:

- Det er i eiga sak gitt delingssamtykke etter jordlova.
- Tomta må sikrast (tinglyst) vegrett i eksisterande privat vegnett frå rv41 til tomtegrensa.
- Tomta skal nyttast til transformatorstasjon med tilhøyrande installasjonar.

Formannskapet gir samstundes delingsløyve etter pbl §20-1 m).
Søknaden om utsett oppmålingsforretning etter matrikkellova m/forskrift blir avslått.

PS 69/18 Søknad om støtte til marknadsføring av Treungenfestival 2018

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommune ser positivt på søknaden frå Treungenfestival AS og løyver kr. 50.000.

Ein legg særleg vekt på at løyvinga vil gje Nissedal kommune profilering og marknadsføring innan opplevingsturisme.

Løyvinga vert tatt frå Nissedal kommunale næringsfond, konto 14703-1410-3250, og utbetalt etter mottak av dokumenterte utgifter.

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

Ian Parry-Jones bad om å få sin habilitet vurdert.
Votering: samrøystes funne gild i saka.

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommune ser positivt på søknaden frå Treungenfestival AS og løyver kr. 50.000.

Ein legg særleg vekt på at løyvinga vil gje Nissedal kommune profilering og marknadsføring innan opplevingsturisme.

Løyvinga vert tatt frå Nissedal kommunale næringsfond, konto 14703-1410-3250, og utbetalt etter mottak av dokumenterte utgifter.

PS 70/18 Søknad om økonomisk støtte til NM i rulleskiskyting 2018

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommune ser positivt på søknaden og løyver kr. 10.000.

Ein legg særleg vekt på at løyvinga vil kunne gje nærområdet vårt, Gautefall som destinasjon, profilering og marknadsføring.

Løyvinga vert tatt av næringsfondet, konto 14703-1410-3250, og utbetalt etter mottak av dokumenterte utgifter.

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Nissedal kommune ser positivt på søknaden og løyver kr. 10.000.

Ein legg særleg vekt på at løyvinga vil kunne gje nærområdet vårt, Gautefall som destinasjon, profilering og marknadsføring.

Løyvinga vert tatt av næringsfondet, konto 14703-1410-3250, og utbetalt etter mottak av dokumenterte utgifter.

PS 71/18 Søknad om kjøp av tilleggstomt på Sundsmoen industriområde

Rådmannen si tilråding:

Søknaden frå Andreas Lauvland om kjøp av tilleggsareal vert avslått.

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Søknaden frå Andreas Lauvland om kjøp av tilleggsareal vert avslått.

PS 72/18 Legging av vass og avløpsleidningar frå Treungen til Kykjebygda

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret løyver 35 millionar til legging av hovudleidningar frå Ånundsbuoddane til landtak ved Nissedal kyrkje. Prosjektramme på 35 mill. blir lånefinansiert. Prosjektet får eit budsjett på 10 mill. i 2018. 25 mill. vert innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2019.

Budsjettskjema 2A blir endra slik:
Investeringar i anelggsmiddel + 10 mill.
Bruk av lånemidlar - 10 mill.

Budsjettskjema 2B blir endra slik:
Ny line: Vass- og avlaupsleidning – Treungen – Kyrkjebygda 10 mill.

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

Halvor Homme bad om å få sin habilitet vurdert.
Votering: samrøystes funne ugild i saka.

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Kommunestyret løyver 35 millionar til legging av hovudleidningar frå Ånundsbuoddane til landtak ved Nissedal kyrkje. Prosjektramme på 35 mill. blir lånefinansiert. Prosjektet får eit budsjett på 10 mill. i 2018. 25 mill. vert innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2019.

Budsjettskjema 2A blir endra slik:

Investeringar i anleggsmiddel + 10 mill.
Bruk av lånemidlar - 10 mill.

Budsjettskjema 2B blir endra slik:
Ny line: Vass- og avlaupsleidning – Treungen – Kyrkjebygda 10 mill.

PS 73/18 Sal og skjenking av alkohol 2017 - avgifter 2018

Rådmannen si tilråding:

Tal frå rapportering av sal og skjenking av alkohol i Nissedal kommune i 2017, og derav føljande avgifter for 2018 vert teke til etterretning.

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

Ian Parry-Jones bad om få sin habilitet vurdert.
Votering: samrøystes funne ugild i saka.

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Tal frå rapportering av sal og skjenking av alkohol i Nissedal kommune i 2017, og derav føljande avgifter for 2018 vert teke til etterretning.

PS 74/18 Referat- og drøftingssaker

Rådmannen si tilråding:

Referat- og drøftingssaker vert teke til vitande.

Saksprotokoll i Formannskapet - 31.05.2018

E: Opparbeiding av areal på idrettsanlegget
F: Endra dato for siste formannskapsmøte flytta til 20. juni.
G: Møte med veglaget for vegen inn til Jettegrytene.

Votering: samrøystes som tilråding.

Vedtak

Referat- og drøftingssaker vert teke til vitande.

PS 75/18 Utvida behov for spesialundervisning ved Tveit skule skuleåret 2018/19

PS 76/18 Tilrettelegging for synshemma elev *** ***** *******